

Årsmelding for 2025

Håvard Vederhus og IOP Norges Utdanningsfond

Innleiing

Utdanningsfondet er no inn i sitt trettande år og vi som sit i styret for fondet sender med dette ut vår åttande årsmelding for å kunne informere om aktiviteten i Utdanningsfondet. Vi trur dette er viktig informasjon å nå ut med til dei som bidrar med midlar til fondet og også til andre som er interessert i informasjon om Utdanningsfondet.

Kort om historia til Utdanningsfondet og om styret

Utdanningsfondet vart oppretta før jul i 2014 til minne om Håvard Vederhus som mista livet på Utøya 22. juli 2011. Utdanningsfondet vart oppretta i samarbeid mellom foreldra til Håvard, Kirsten Vesterhus og Alf Vederhus, og IOP (Ilula Orphan Program) Norge. Fondet starta med ei gåve frå foreldra til Kirsten, Margrete og Øystein Vesterhus og midlar frå IOP Norge. Deretter er fondet finansiert kvart år med bidrag frå mange gjevarar, blant anna i samband med 22. juli og fødselsdagen til Håvard 10. november.

I styret i 2025 var Emilie Wilhelmsen frå IOP Norge, Kirsten Vesterhus og Alf Vederhus.

Styret har i 2025 brukt styremøte på nett. Mykje av tida i styremøta har gått med til å diskutere oppfølging og kontakt med IOP Tanzania. Vi er takknemlege for at dei gjer det praktiske arbeidet med å følgje opp dei ungdommane som får støtte. I andre halvår 2025 har det vore meir krevjande for dei å rapportere etter all uroa i samband med presidentvalet i Tanzania. Vi fekk likevel behandlar budsjettet for studieåret 25/26 i desember 2025.

Første tildeling av støtte var for skuleåret 2015/2016. Frå skuleåret 2016/2017 gjekk vi over til å støtte 6 ungdommar. Dei siste sju åra fram til 2024/2025 har vi støtta ti studentar årleg. Frå og med skuleåret 2024/2025 er det utvida til tolv studentar.

IOP Tanzania er ein lokalt basert bistandsorganisasjon som blei oppretta for å kjempe mot fattigdom, HIV og aids ved å gje fattige og foreldrelause barn støtte til livsopphald og utdanning. IOP har støttegrupper i land som Norge, USA, Nederland, Luxemburg, Italia og Tyskland. IOP har dei seinare åra utvida aktiviteten til å nå alle aldersgrupper i lokalsamfunnet Ilula og er også engasjert i landbruksdrift.

Håvard var svært opptatt av den frigjerande krafta i utdanning og også av internasjonal solidaritet. Fondet er oppretta til minne om han.

Det er eit stort behov for midlar til utdanning etter vidaregåande skule i Tanzania. Fondet blei oppretta for å møte noko av dette behovet. Det tar sikte på å finansiere minimum treårig yrkesutdanning for elevar som er ferdige med vidaregåande skule.

Aktiviteten i Utdanningsfondet i 2025 – tildeling av midlar

Utdanningsfondet har støtta tolv studentar i skuleåret 2024/2025 og det same i skuleåret 2025/2026. Utvidinga frå ti til tolv studentar er basert på at det er tilstrekkeleg med midlar i fondet til å finansiere dette. Dette skuleåret finansierer vi sju jenter og fem gutar. To av dei er i økonomiutdanning, to tar utdanning innan medisin, fire i samfunnsplanlegging, ein i undervisning, ein i sosialarbeid, ein i informasjonsteknologi og ein i veterinærfag.

Når vi seier ja til støtte forpliktar vi oss minst for tre år framover. Det betyr at vi bør ha reserver for å kunne dekke ein treårsperiode.

I 2024 er det tildelt i alt kr 203 816 i støtte til utdanning og det er komme inn kr 192 177 i bidrag til Utdanningsfondet. Renteinntekter på bankkonto er kr 22 088. Utgåande saldo på bankkonto til Utdanningsfondet per 31.12.2025 er kr 626 722. Utdanningsfondet har same rekneskapsfører som IOP Norge. IOP Norge har tidlegare dekt kostnad med rekneskapsfører. Frå og med 2023 er også Utdanningsfondet med på å dekke kostnad til rekneskapsfører med eit trekk på 3 % av utbetalte midlar. I alt utgjør dette kr 6 114 i 2024. Dette trekket vil bli vurdert på nytt i 2026 etter skifte av rekneskapsfører i IOP Norge.

Tildeling av støtte skjer ved at IOP Tanzania set opp ei prioritert liste over dei som kan få støtte og styret i Utdanningsfondet tar stilling til kor mange ein kan støtte kvart skuleår. Styret ber også om tilbakerapportering frå IOP Tanzania om resultat for kvart semester og framdrift for dei studentane som får støtte, inkludert sluttrapportering etter avslutta utdanning. Vi ber også om rapport om korleis det går med studentar som har fått støtte tidlegare år og som er ferdige med utdanninga.

Vi har fått informasjon om i alt 20 studentar der Utdanningsfondet har finansiert minst tre år med utdanning. Av dei er 10 fra perioden før 2021 og 10 frå åra etter. Biletet er at det kan vere vanskeleg å få relevant arbeid frå starten av, men at det betrar seg over tid. Vi vil halde fram med å be om nytt om dei vi har støtta etter at dei er ferdige med utdanninga.

IOP Tanzania har eit administrasjonsgebyr på 7 % av tildelt støtte for å ta seg av alt det praktiske med oppfølging av dei tolv studentane. Utdanning er ingen garanti for jobb i Tanzania, men det er ein føresetnad for ei betre framtid. Vi har overfor IOP Tanzania lagt vekt på at dei må prioritere motiverte ungdommar som søker utdanning som dei kan få brukt etter fullført utdanning. Vi har også lagt vekt på at IOP Tanzania må følgje med på kva som skjer etter fullført utdanning og rapportere tilbake om det.

Planar for 2026

Av våre tolv studentar reknar vi med at to ferdigstiller utdanning dette året og at ti held fram med studiar i skuleåret 2025/26. Vi reknar med å halde fram med støtte til tolv ungdommar. Dette kan føre til litt reduksjon i fondet i 2026.

Behovet for utdanning i Tanzania er stort, og det vi bidrar med hjelper berre nokre få studentar. Likevel er midlane frå Utdanningsfondet heilt avgjerande for dei som får dekt kostnadene med utdanning.

Vi takkar alle som har bidratt ein eller fleire gonger til Utdanningsfondet i 2025 og vi håper de vil støtte Utdanningsfondet også i 2026. I 2026 er det 15 år sidan 22. juli 2011. Vi i styret vil dette året vurdere om vi kan gjere meir for å auke kjennskap til Utdanningsfondet.

Mars 2025

Emilie Wilhelmsen Alf Vederhus Kirsten Vesterhus